

TIL:
AKSJONÆRANE I SBT AS
Regionvegsjefen Region vest
Riksrevisjonen
Revisor, KPMG AS

PK/cil

Bremnes, 14.11.14

INNKALLING TIL EKSTRAORDINÆR GENERALFORSAMLING

Det vert med dette kalla inn til ekstraordinær generalforsamling i Sunnhordland Bru- og Tunnelselskap AS for å handsame avviking av selskapet.

Torsdag 20. november 2014 kl 1830 på Stord Rådhus

Program:	kl. 18.15	Registrering
	kl. 18.30	Generalforsamling

Sakslista for generalforsamlinga er i samsvar med selskapet sine vedtekter:

Før gjennomgang av sakslista vert det ei orientering om avvikinga ved styreleiar.

- Sak 1 Val av møteleiar
- Sak 2 Val av 2 representantar til å skriva under protokollen
- Sak 3 Godkjenning av innkalling og saksliste
- Sak 4 Fastsetjing av styret si årsmelding for 2014 og av resultatrekneskap og balanse for 2014, samt deponering av ubetalte forskot til kundar hjå Hordaland fylkeskommune
- Sak 5 Sletting av selskapet
- Sak 6 Godtgjersle til avviklingsstyret
- Sak 7 Godtgjersle til revisor for 2014

Styret sitt framlegg til resultatrekneskap, balanse og årsmelding for 2014 og revisor si melding følgjer vedlagt.

Vedlagt følgjer og vedtektene for selskapet, slik dei vart vedtekne av selskapet si generalforsamling i 2007, liste over selskapet sine aksjonærar, samt liste over medlemmer i avviklingsstyret. Me står gjerne til disposisjon med utfyllande informasjon.


Styreleiar kan nåast på mobil nr.: 93 42 90 63.

Ordførar i kvar kommune må utsteda fullmakt i dei tilfelle han/ho ikkje møter personleg.

Fylkesordførar må evt. gje fullmakt til fylkeskommunen sin valde representant.

Ein ber om tilbakemelding frå dei av aksjonærane som ynskjer å delta, innan tysdag 18. november 2014.

Med vennleg helsing,
for Sunnhordland Bru- og Tunnelselskap AS



Pål Kårbø
arbeidande styreleiar

Vedlegg

✂

Til Sunnhordland Bru- og Tunnelselskap AS
E-post: firmapost@sbt.no

Namn: _____

Frå: _____

- Deltek på ekstraordinær generalforsamling 20. november kl 18.30.
- Har ikkje høve til å delta

Sunnhordland Bru- og Tunnelselskap AS

Driftsinntekter og driftskostnader	Note	2014	2013
Bompengeinntekter		0	53 841 065
Førehandsbompenger		0	2 345 000
Sum driftsinntekter		0	56 186 065
Innkrevjingskostnad		323 231	3 490 614
Lønnskostnad m.m.	1	480 795	1 042 715
Avskrivning på driftsmidler o.l.		0	32 855 246
Avviklingskostnad	2	300 000	-15 503 399
Annan driftskostnad bomstasjon		25 550	915 177
Annan driftskostnad	1	165 283	863 073
Tap på fordringar		-66 684	-987 000
Sum driftskostnader		1 228 176	22 676 425
Driftsresultat		-1 228 176	33 509 640
Finansinntekter og finanskostnader			
Renteinntekt		868 598	3 221 636
Rentekostnad		0	1 030 276
Resultat av finanspostar		868 598	2 191 360
Årsresultat		-359 578	35 701 000
Overført til annan egenkapital	3	0	35 701 000
Overført frå annan egenkapital	3	359 578	0
Sum overføringer		-359 578	35 701 000

Sunnhordland Bru- og Tunnelselskap AS

Eigedelar	Note	2014	2013
Anleggsmidler			
Omløpsmidlar			
Utbetalt forskott på avviklingsutbytte	3	33 843 752	0
Bankinnskot, kontantar o.l.	4	4 410 739	46 152 179
Sum omløpsmidlar		<u>38 254 491</u>	<u>46 152 179</u>
Sum eigedelar		<u>38 254 491</u>	<u>46 152 179</u>

Sunnhordland Bru- og Tunnelselskap AS

Eigenkapital og gjeld	Note	2014	2013
Innskoten eigenkapital			
Aksjekapital 123 a 10000	3, 5	1 230 000	1 230 000
Sum innskoten eigenkapital		<u>1 230 000</u>	<u>1 230 000</u>
Opptent eigenkapital			
Annan eigenkapital	3	36 024 238	36 383 815
Sum opptent egenkapital		<u>36 024 238</u>	<u>36 383 815</u>
Sum eigenkapital	3	<u>37 254 238</u>	<u>37 613 815</u>
Avsetning for forpliktingar			
Avsatt til avviklingskostnader	2	0	6 000 000
Sum avsetning for forpliktingar		<u>0</u>	<u>6 000 000</u>
Kortsiktig gjeld			
Leverandørgjeld		0	149 403
Trekk og gjeld til det offentlege		0	48 020
Anna kortsiktig gjeld	4	1 000 253	2 340 939
Sum kortsiktig gjeld		<u>1 000 253</u>	<u>2 538 363</u>
Sum gjeld		<u>1 000 253</u>	<u>8 538 363</u>
Sum eigenkapital og gjeld		<u>38 254 491</u>	<u>46 152 179</u>

Bremnes, 13.11.2014

Styret i Sunnhordland Bru- og Tunnelselskap AS



Pål Kårbø
-leiar og kontaktperson-



Liv Kari Eskeland



Øyvind Hardeland

Sunnhordland Bru- og Tunnelselskap AS

Notar

Rekneskapsprinsipp

Innleiing

Rekneskopen, som er utarbeida av selskapet sitt styre og leing, består av resultatrekneskap, balanse og noteopplysningar og er avlagt i samsvar med aksjelov, rekneskapslov og god rekneskapskikk.

Førehandsbompengar

Inntil Trekantsambandet var ferdigstilt, besto driftsinntektene av førehandsbompengar som vart kravde inn på ferjestrekningane som vart berørte av utbygginga. Fram til og med 1996 er førehandsbompengane inntektsførte fortløpande i samsvar med månadsvis avrekningar frå Hardanger Sunnhordlandske Dampskipsselskap. Frå 1997 vart dei forskotsinnbetalte bompengane oppførte som gjeld, pga. at desse er å sjå på som forskotsinnbetalningar som skal dekkja framtidige kostnader. Førehandsbompengane skal også dekkja kostnadene ved drifta av selskapet, og denne delen av førehandsbompengane må inntektsførast på vanleg måte. Gjeldsoppført forskotsinnbetaling vart i utgangspunktet inntektsført lineært over 15 år frå anlegget vart opna 30.04.2001. Dette samsvara då med forventa bompengeperiode ved starten av bompengerevjuinga.

Etter at styret hadde ein grundig scenariogjennomgang hausten 2005 med "Rudolfprognosen" for bompengerevjuing, med hovudfokus på variablane rentenivå og trafikkvekst, er forventa nedbetalingstidspunkt for Trekantsambandet sett til 30.04.2013. Dette tilseier ei endring av prosjektet si nedbetalingstid frå 15 år til 12 år. Med bakgrunn i dette er inntektsføringa av førehandsbompengar auka opp, slik at den resterande summen vert lineært inntektsført på regnskapsåra 2006 – 2013 (7 1/3 år).

Etter delvis opning av veganlegget frå 27.12.2000 og full opning frå 30.04.2001 er opptente bompengerevjuingar ført opp under driftsinntekter.

Prosjektkostnader/aktivert innkrevjingsrett

Endeleg vedtak om utbygging vart gjort av Stortinget 10. juni 1996.

Prosjektkostnader vart utbetalte med utgangspunkt i rekvisisjon frå Statens Vegvesen.

Desse prosjektkostnadene samt byggjelånsrenter er aktiverte i rekneskopen under nemninga "Aktivert innkrevjingsrett" blant anleggsmidlane. Det same gjeld kostnadane i samband med opninga av anlegget.

Etter at anlegget vart opna 30.04.2001 vert innkrevjingsretten avskreven årleg med same sum som årets overskot, og rentene utgiftsførte løpande.

Pensjonskostnader (OTP ordning)

Selskapet har f.o.m. 01.09.2006 betalt tilskot til Storebrand for tilsette. Årleg premie vert utgiftsført i rekneskopen.

Skattekostnader

Selskapet er fritekte for skattlegging.

Note 1 - Lønnskostnad, tal på tilsette, godtgjersle m.m.

<u>Lønnskostnader</u>	<u>2014</u>	<u>2013</u>
Lønningar	408 046	648 395
Styrehonorar med reduksjon i avsetjing	-51 500	232 500
Folketrygdavgift	73 077	99 705
Pensjonskostnader	49 686	59 720
Andre ytingar	1 486	2 395
Sum	480 795	1 042 715

Gjennomsnittleg tal på tilsette

	2	2
--	---	---

Sunnhordland Bru- og Tunnelselskap AS

Notar

Lønn og godtgjersle til arbeidande styreleiar for 2014 utgjer kr 245 202. Dette inkluderer godtgjersle for styrearbeid i avviklingsstyret i 2014 og kr 70 000 for 2013. Utbetalt styrehonorar til øvrige medlemmer i avviklingsstyret er samla kr 6 000.

Revisor

Kostnadsført revisjonshonorar i 2014 utgjer kr 72 928 inkl. meirverdiavgift, og gjeld revisjon fullt ut for rekneskapen 2013 og avviklingsoppgjere for 2014.

Note 2 – Avviklingskostnader

31.12.12 vart det avsett til dekning for framtidige avviklingskostnader kr 40.000.000. Beløpet vart aktivert saman med annan innkrevjingsrett. Det er i 2013 kostnadsført avviklingskostnader med kr 18 496 601. Med tillegg av kr 6 000 000 for gjenståande avviklingskostnader. Sluttrekninga for avviklingskostnader vart kr 300 000 høgare, slik at endeleg sum for avviklingskostnader vart kr 24 796 601.

Note 3 – Eigenkapital

Tekst	Aksjekapital	Anna eigenkapital	Sum
Eigenkapital pr. 01.01.14	1 230 000	36 383 815	37 613 815
Endringer i året			
Årets resultat		-359 578	-359 578
Eigenkapital pr. 31.12.14	1 230 000	36 024 238	37 254 238

Ved avvikling av selskapet blir det foreteke utbetaling til aksjeeigarar tilsvarande aksjeinnskuddet, med tillegg av 80% av endring i konsumprisindeksen frå innbetalingsdatoen for aksjeinnskuddet til månaden før vedtak om oppløysing av selskapet, i samsvar med bompengavtalen. Dette gjev et samla avviklingsutbytte på kr 1 843 752. Utbetaling er gjennomført.

Resterande verdiar i selskapet blir overført til Hordaland fylkeskommune v/prosjekt 07706 som får ansvar for deling av desse midlane til riksveganlegg i det området bompengane er innkrevd. Samtidig overtar Hordaland fylkeskommune v/prosjekt 07706 ansvar for forplikningar som selskapet har og går inn som juridisk motpart på pågåande inkassokrav og utenlandske krav. Forskottsutbetaling er gjennomført med kr 32 000 000.

Note 4 - Bundne midlar / Gjeld til kundar

Av totale bankinnskott er kr 934 003 deponert på konto til dekning av evt. krav frå kundar.

Dette gjeld kundar det ikkje har lukkast å foreta tilbakebetaling av forskott til. Forskott abonnement er ført som anna kortsiktig gjeld.

Sunnhordland Bru- og Tunnelselskap AS

Notar

Note 5 - Aksjekapital

Selskapet har 123 aksjar, kvar pålydande kr 10 000. Kvar aksje har ei stemme på generalforsamlinga.

Aksjeeigarane er:

Hordaland fylkeskommune	76	aksjar
Bømlo kommune	6	”
Haugesund kommune	6	”
Stord kommune	6	”
Sveio kommune	6	”
Caiano AS	4	”
Fitjar kommune	4	”
Kvinnherad kommune	4	”
Austevoll kommune	2	”
Fusa kommune	2	”
Tysnes kommune	2	”
Bergen kommune	1	”
Etne kommune	1	”
Karmøy kommune	1	”
Tysvær kommune	1	”
Vindafjord kommune	1	”

Sunnhordland Bru- og Tunnelselskap AS

Kontantstraumanalyse

	2014	2013
LIKVIDER TILFØRT/BRUKT PÅ VERKSEMDA		
Årsresultat	-359 578	35 701 000
+ Ordinære avskrivningar	0	32 855 246
+ Endring i fordringar	-33 843 752	7 965 100
+ Endring i kortsiktig gjeld	-1 538 110	-36 071 242
+ Endring i avsetning for forpliktingar	-6 000 000	-36 345 000
= Netto likviditetsendring frå verksemda	-41 741 440	4 105 104
LIKVIDER TILFØRT/BRUKT PÅ INVESTERINGAR		
- Investering i varige driftsmidlar	0	-124 128
= Netto likviditetsendring frå investeringar	0	124 128
LIKVIDER TILFØRT/BRUKT PÅ FINANSIERING		
+ Endring i eigenkapital	0	0
+ Endring i gjeld	0	-253 500 000
= Netto likviditetsendring frå finansieringa	0	- 253 500 000
Netto endring i likvider gjennom året	-41 741 440	-249 270 768
+ Likvider pr. 01.01.	46 152 179	295 422 947
= Likvider pr. 31.12.	4 410 739	46 152 179

ÅRSMELDING FOR 2014 (AVVIKLINGSÅRET)

1. VERKSEMDA

Sunnhordland Bru- og Tunnelselskap AS har vore administrasjonsselskap for innkrevjing av bompengar og forvaltning av låneporteføljen for Trekantsambandet.

Selskapet driv verksemda på Bømlo i Sunnhordland.

Selskapet hadde pr. 1.november 2014 følgjande aksjonærar, med slik fordeling av aksjane:

Austevoll kommune	2
Bergen kommune	1
Bømlo kommune	6
Caiano AS	4
Etne kommune	1
Fitjar kommune	4
Fusa kommune	2
Haugesund kommune	6
Hordaland fylkeskommune	76
Karmøy kommune	1
Kvinnherad kommune	4
Stord kommune	6
Sveio kommune	6
Tysnes kommune	2
Tysvær kommune	1
Vindafjord kommune	1

Til saman 123 aksjar, av desse 119 i offentleg eige. Alle aksjar har like rettar.

Ordinær generalforsamling vart halden 17. juni 2014 på Bømlo Hotell.

Selskapet hadde fram til ordinær GF i 2014 følgjande styre:

Arbeidande	
styreleiar:	Pål Kårbø
Nestleiar:	Jorunn Skåden
Styremedlemer:	Mette Holmefjord Olsen
	Inge Reidar Kallevåg
	Liv Kari Eskeland
	Svein K. Halleraker
	Andreas M. Larsen

Varamedlemer
(personlege): Anne Beth Njærheim
Bente Bondhus
Harald Rydland
Helge Hauge
Håkon Røstbø
Ellinor Kreybu
Anne Line Innvær

På ordinær GF 17. juni vart følgjande avviklingsstyre vald:

Pål Kårbø (leiar)
Øyvind Hardeland
Liv Kari Eskeland

2. ÅRETS DRIFT

Selskapet har i 2014 førebudd avvikling av selskapet.

3. ARBEIDSMILJØ OG PERSONALE M.M.

Pål Kårbø er tilsett i 20% stilling som arbeidande styreleiar og Cathrin Innvær Lohne var fram til 1.februar 2014 tilsett som kontorleiar i 100% stilling.

1. februar 2014 vart Cathrin Innvær Lohne tilsett i eit 15% engasjement og Pål Kårbø fortset med si 20% stilling, desse vil vare fram til selskapet vert avvikla.

Selskapet har i 2014 ikkje hatt eige kontorlokale.

Selskapet sin aktivitet i 2014 har ikkje forureina det ytre miljø

4. AVVIKLINGSSTYRET

Avviklingsstyret har 1 kvinneleg og 2 mannlege medlemer

5. REKNESKAP

Styret er av den formeining at regnskapet for 2014 gjev eit rettvise bilde av selskapets drift og stilling.

6. AVVIKLING

Innskoten aksjekapital vert utbetalt til aksjeeigarane i samsvar med bompengavtalen kap. 7.3. Aksjekapitalen er indeksregulert fram til vedtak om oppløysing av selskapet.

Forpliktingar ovanfor kunder ein ikkje har lukkast i å nå, vert deponert på hjå Hordaland fylkeskommune, på eigen konto for dette.

Hordaland fylkeskommune, v/prosjekt 07706 Trekantsambandet, overtar pr 31/10-14 restsummen på inkassokrava til bompengeselskapet.


Som følgje av dette går også Hordaland fylkeskommune v/prosjekt 07706 Trekantsambandet, inn som juridisk motpart i opne inkassosaker.

Resterande verdier på avviklingstidspunktet blir foreslått overført til Hordaland fylkeskommune v/prosjekt 07706 Trekantsambandet, etter fråtrekk for forpliktingar.

Styret ser ikkje noko til hinder for at selskapet kan slettast.

Bremnes, 13. november 2014


I AVVIKLINGSSTYRET FOR
SUNNHORDLAND BRU- OG TUNNELSELSKAP AS:



Pål Kårbø
-leiar og kontaktperson-



Liv Kari Eskeland



Øyvind Hardeland

VEDTEKTER FOR SUNNHORDLAND BRU- OG TUNNELSELSKAP AS

Vedteke av generalforsamlinga 29. mai 2007

§ 1

Selskapet sitt namn er Sunnhordland Bru- og Tunnelselskap A/S.

§ 2

Selskapet sitt forretningskontor er i Bømlo kommune.

§ 3

Selskapet har til føremål å arbeida for realisering av planar om køyrbart samband mellom Bømlo, Stord og Sveio. Selskapet skal mellom anna søkje å realisere prosjektet ved ordinære statsvegsløyvingar, låneopptak, bompengoordningar o.l. Selskapet kan og engasjere seg i andre prosjekt.

§ 4

Selskapet sin aksjekapital er på kr. 1.230.000,- fordelt på 123 aksjar pålydande kr. 10.000 og lydande på namn. Kvar aksje har ei stemme i selskapet si generalforsamling.

§ 5

Erverv av aksjar ved overdraging er betinga av samtykke frå selskapet sitt styre.

Dersom aksjonærar gjer forkjøpsrett gjeldande, skal dei aksjar som er for sal fordelast mellom dei med forkjøpsrett i same høve som desse tidlegare eig aksjar i selskapet. Den som ønskjer å selja sine aksjar skal gje skriftleg melding om dette til selskapet sitt styre, som ved rekommandert brev straks melder frå til dei aksjonærane som har forkjøpsrett om kva aksjar som er for sal.

Dei (den) som ønskjer å gjera forkjøpsretten gjeldande må skriftleg meddela dette til styret seinast innan ein månad frå styret gav melding om at aksjar var til sal. Kjøpesummen skal betalast innan to månader rekna frå same tidspunkt.

§ 6

Styret skal ha fem-sju medlemmer, og det skal veljast personleg varamedlem til kvart styremedlem. Styret sine medlemmer vert valde for to år om gangen, men slik at halvparten skal veljast kvart år. Attval kan finna stad. Generalforsamlinga vel styreleiar og nestleiar.

Styret sitt firma vert teikna av styreleiaren åleine eller av to styremedlemmer i fellesskap. Styret kan ikkje gje andre rett til å teikna firmaet. Styret kan meddele prokura.

§ 7

Den ordinære generalforsamlinga skal haldast med to vekers skriftleg innkalling til aksjonærane. Melding til aksjonærane om generalforsamling skal ikkje skje gjennom offentleg tidende.

Den ordinære generalforsamling skal behandle og avgjere:

1. Fastsetjing av resultatrekneskap og balanse
2. Bruk av overskot eller dekning av underskot i medhald av den fastsette balanse
3. Andre saker som etter lov eller vedtekter høyrer under generalforsamlinga

§ 8

Generalforsamlinga skal og velja ein valkomité som skal innstilla til generalforsamlinga på val av styremedlemmer.

Valkomiteen skal veljast for 1 år og bestå av 3 medlemmer, generalforsamlinga skal og velja valkomiteen sin leiar.

Hordaland fylkeskommune skal vere representert i valkomiteen, det skal og minst ein av dei 3 kommunane som er nemnde i § 3.

§ 9

Fylkeskommunen / kommunane og fylkeskommunen / kommunane sin revisor har høve til å føra kontroll med eigarinteressene sine.

AKSJONÆRLISTE pr. 01.01.07 - alfabetisk

<u>Navn/adresse</u>	<u>Antall aksjer</u>
Austevoll kommune 5392 Storebø <i>postmottak@austevoll.kommune.no</i>	2
Bergen kommune Bergen rådhus, 5002 Bergen <i>info.avd@bergen.kommune.no</i>	1
Bømlo kommune 5430 Bremnes <i>postmottak@bomlo.kommune.no</i>	6
Caiano AS Smedasundet 77, 5528 Haugesund <i>post@caiano.no</i>	4
Etne kommune 5590 Etne <i>firmapost@etne.kommune.no</i>	1
Fitjar kommune Postboks 83, 5418 Fitjar <i>fitjar@fitjar.kommune.no</i>	4
Fusa kommune Postboks 21 5649 Eikelandsosen <i>postkasse@fusa.kommune.no</i>	2
Haugesund kommune Rådhusgt. 66, 5528 Haugesund <i>postmottak@haugesund.kommune.no</i>	6
Hordaland Fylkeskommune 5020 Bergen <i>hfk@post.hfk.no</i>	76
Karmøy kommune Statsråd Vinjes gt. 25, 4250 Kopervik <i>servicetorget@karmoy.kommune.no</i>	1
Kvinnherad kommune 5470 Rosendal <i>post@kvinnherad.kommune.no</i>	4
Stord kommune 5417 Stord <i>post@stord.kommune.no</i>	6
Sveio kommune 5550 Sveio <i>postmottak@sveio.kommune.no</i>	6

Tysnes kommune 5685 Uggdalseidet <i>post@tysnes.kommune.no</i>	2
Tysvær kommune 5570 Grindafjord <i>post@tysver.kommune.no</i>	1
Vindafjord kommune Rådhuset, 5580 Ølen <i>postmottak@vindafjord.kommune.no</i>	1

Til sammen 123 aksjer, av disse 119 i offentlig eie. Alle aksjer har like rettigheter.

MEDLEMER I AVVIKLINGSSTYRET

Pål Kårbø, leiar

Mobil: 93 42 90 63 E-post: pal.karbo@bkkfiber.no

Liv Kari Eskeland, medlem

Mobil: 97 55 20 18 E-post: liv.kari.eskeland@stord.kommune.no

Øyvind Hardeland, medlem

Mobil: 90 97 67 31 E-post: oyvind.hardeland@kvinnherad.kommune.no